

Om årsplanen og FUS sine mål for barnehagane

Denne årsplanen skal vise korleis barnehagen jobbe for å oppfylle krava i den nasjonale rammeplanen for barnehagen sitt innhald og oppgåver. Årsplanen fortel oss også korleis me jobbe for å nå FUS sine felles målsetjingar for barnehagane.

Visjon:

Saman gir me barndommen verdi:

Vennskap, leik og glede

og kvardagsmagi

Visjonen er vår leiestjerne og den stakar ut ei retning for kva me ønsker at FUS barnehagane skal oppnå – nå og i framtida. Visjonen er det ein strekk seg etter kvar dag i møte med barn, foreldre og kollegaer.

Våre metodar for å jobbe mot visjonen:

- Jobbe for at kvardagen skal vere prega av leik og glede
- Sørge for at alle barn opplev vennskap, fellesskap og at dei høyrer til gruppa.
- La barna oppleve magiske augneblink.

Verdiar:

Gløydande, skapande og tilstadeverande

Verdiane er kulturberarane i FUS. Verdiane fortel kva me står for, kva me trur på og kva som er viktig for oss. Dei er ei kjelde til motivasjon og inspirasjon i det daglege arbeidet i barnehagen på vegen for å verkeleggjera visjonen.

Våre metodar for å jobbe i tråd med verdiane:

- **Gløydande**
 - Kollegaer: Løfte kvarandre opp, humor, dele kunnskap og erfaringar, vera positiv, felles temaarbeid, inspirera kvarandre, vera imøtekommande med kvarandre.
 - Førsette: Dagleg info om enkeltbarn, ta ansvar for å skape god relasjon, vise respekt, informere om prosjekt og aktivitetar.
 - Barna: leggje til rette for meistring, ha samlingar og prosjekt som engasjerer, gode samtalar, humor og magiske augneblink.
- **Skapande**
 - Kollegaer: Ideutveksling, open for nye verdiar, gjere kvarandre gode, gir kvarandre støtte og godt samarbeid
 - Førsette: Skapa tillit, dele skapande erfaringar gjort med barna og rettleie.
 - Barna: Møte barna sine interesser, leggje til rette for skapande leik/aktivitet, inspirere til utfolding, tilby variert materiale og ha ein variert barnehagekvardag.

- Tilstadeverande
 - Kollegaer: Sjå din medarbeidar, syna respekt, nytta kvarandre sine ressursar
 - Føresette: Sjå dei ved levering/henting, ha deira barn i fokus, godt førebudd til foreldresamtalar
 - Barn: Ha augekontakt, vera nede på golvet i leik, unngå prat over hovudet på barna, bygga positiv relasjon, gi omsorg og gi ein føreseieleg og trygg tilnærming til alle barn.

Hovudmål:

FUS barn har eit positivt sjølvbilete

FUS barn er trygge og forskande, trives i leik og har vennekompetanse

FUS barn gler seg til "resten av livet", og veit at dei kan påverke og at

innspela deira tel

FUS barn har det kjekt i barnehagen

Våre metodar for å jobbe mot måla:

- ME SKAL SJÅ DET BESTE I KVART BARN. Me identifiserer aktivitetar, leik eller oppgåver som gir barn anerkjenning og meistring.
- ME SKAL HA LEIKEKOMPETANSE. I eit utviklande leikemiljø med akkurat nok rettleiing, tileignar barn seg kunnskap og opplev meistring. Me lar leiken komma først, og me vektlegg leikbasert læring.
- ME SKAL GI BARN LIVSGLEDE, BYGGJA VENNSKAP, OG FØLE PÅ FLOW. Barna skal oppleve at dei vert høyrte og at deira stemme tel.
- ME LEGG TILRETTE FOR MAGISKE AUGNEBLINK. Barna skal gjera nye oppdagingar, dei skal leite etter magiske spor. Kvardagen vår skal vera preg av latter og humor.

I FUS barnehagane har me eit felles slagord, «Barnet først». Alt ein gjer skal vera til barnets beste. «Barnet først» er også namnet på vår kompetanseutvikling, der målet er eit likeverdige barnehagetilbod av høg kvalitet i alle våre barnehagar.

Om barnehagen

Ølensjøen FUS barnehage opna desember 2004 med fire avdelingar. I august 2014 utvida me kapasiteten ved å bygga eit nytt tilbygg, og auka dermed frå fire til sju avdelingar. Det nyaste bygget inneheld tre avdelingar for dei største barna, arbeidsrom, kontor, møterom samt storkjøkken til kokken vår. Dei yngste barna held til i det eldste bygget, og har eitt eige tilpassa og skjerma uteområde med vognskur aust for bygget (mot idrettshall). Avdelingane har stadsnamn frå nærmiljøet vårt: I småbarnshuset heiter avdelingane Litlehagen, Joa Kari, Skrubbastainen, Sjoaren. På storbarnshuset heiter avdelingane Skukkane (2 etg) Roatoppen (2 etg) og Steinbru (1 etg).

Me er ein FUS barnehage! FUS er ikkje forkorting av eit ord, men tyder kort og godt «fyrst». Me er ein av 186 barnehage som høyrer til same kjede. Barnehagane er eigd av Trygge barnehagar som er Norges største private barnehageaktør. FUS barnehagane jobbar mot same visjon og same verdigrunnlag, og har felles serviceerklæring og etiske retningslinjer.

Barnehagen har tilgang til mange gode tilbod som skog, strand, idrettshall/gymsal, leikeplassar, bibliotek, aktivitetspark v/Ølen Senter, lavvo m.m. I tillegg har me eigen FUS-buss som tar oss med til dei flottaste stader.

Barnehagen har eit mangfald av ulike språk og nasjonalitetar. Me lærer om språk, kultur, tradisjonar, feiringar og mat . Dette skapar toleranse og gjensidig respekt. Alle har ein plass i fellesskapet i barnehagen vår.

Barnehagen har plass til rundt 120 barn totalt.

Vårt verdigrunnlag

Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha eit heilskapleg tilnærming til barna si utvikling. (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 7)

Barn og barndom

Barna skal bli møttt som individ, og barnehagen skal ha respekt for barnet sin opplevingsverda til barnet. Barns liv blir påverka av omgivnadane, men barn påverkar også sitt eige liv (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 8).

Vårt syn på barn og barndom:

- Barnehagen skal bidra til at alle barn får ein god barndom prega av trivsel, vennskap og leik.
- Sjå einskildbarnet og familien.
- Gi barna gode opplevingar og erfaringar.
- Sjå på barnet som subjekt, møte dei på kjensler.
- Reflektera over eigen barndom, og korleis den påverkar oss i møte med barna.

Demokrati

Barnehagen skal fremje demokrati og være eit inkluderande fellesskap der alle får anledning til å ytre seg, bli høyrde og delta. Gjennom å delta i barnehagen sitt fellesskap skal barna få høve til å utvikle forståing for samfunnet og den verda dei er ein del av (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 8).

Våre metodar for å fremje demokrati:

- La barna få ytre seg, bli høyrte og være deltakande.
- Utvikle og praktisere demokrati i leiken.
- Barna skal medverke til barnehagen sitt innhald
- Fokus på mangfald, alle er like mykje verdt, alle skal bli høyrte og sett

Mangfald og gjensidig respekt

Barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjera, verdsetje og fremje mangfald og gjensidig respekt. Barnehagen skal bidra til at alle barn føler seg sett og anerkjent for den dei er, og synleggjera den einskilde sin plass og verdi i fellesskapet. Barnehagen skal leggje til rette for kultur møte, gi rom for barna sin eigen kulturskaping og bidra til at alle barn kan få oppleve glede og meistring i sosiale og kulturelle fellesskap (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 9).

Våre metodar for å fremje mangfald og gjensidig respekt:

- Kunnskap og respekt for ulike kulturar
- Bruk av konkretar i samlingar som gir støtte for norskinnlæringa
- Synleggjere nasjonalitetar på avdelingane
- Lære songar, ord på andre språk
- Bruk av tolk i foreldresamarbeid
- Vera gode rollemodellar med fokus på danning
- Markere høgtider frå ulike kulturar

Likestilling og likeverd

Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagen skal motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik. (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 10).

Våre metodar for å fremje likestilling og likeverd:

- Møte barn på ein likestilt måte, anerkjenne.
- Oppmuntre barn til å delta i alle aktivitetar uavhengig av kjønn.
- Kjønnsnøytralt fysisk miljø, samstundes legge til rette for barna sine interesser.
- Syne respekt for ulike kjønnsuttrykk.

Berekraftig utvikling

Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein forutsetning for å ta vare på livet på jorda slik me kjenner det. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå at dagens handlingar har konsekvensar for framtida (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 10).

Våre metodar for å fremje berekraftig utvikling:

- Formidle haldningar til barna der ein syner omsorg og tek vare på omgjevnadane og naturen.
- Gi barn naturopplevingar, slik at barna oppleve tilhøyre til naturen.
- Gi barna kunnskap om kjeldesortering, plukke boss, prosesser i naturen, forureining, gjenbruk og fattigdom.
- Fokus på frå jord til bord, kor kjem maten ifrå.

Livsmeistring og helse

Barnehagen skal bidra til barna trivst, opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverd, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. Barna skal få støtte i å mestre motgang, handtere utfordringar og bli kjend med egne og andre sine kjensler. Barnehagen skal være ein arena for dagleg fysisk aktivitet og fremje barna sin rørsleglede og motoriske utvikling. Måltid og matlaging i barnehagen skal gi barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 11).

Våre metodar for å fremme livsmeistring og helse:

- La barna oppleve flyt/flow gjennom leik og fremja trivsel.
- Bli kjent med egne og andre sine kjensler.
- Praktisere utfordringspedagogikk, gjere barna robuste, legge til rette for meistring.
- Oppleve ro, kvile og avslapping.
- Bruk av yoga.

[Handlingsplan om psykososialt miljø-rev. \(4\).pdf](#)

Barnehagens formål og innhald

Barnehagens innhald skal være allsidig, variert og tilpassa einskildbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrøng. Arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk skal bli sett i samanheng og samla bidra til barn sin allsidige utvikling (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 19).



Barnet først er eit heilskapleg system for å styrke dei tilsette sin kunnskap og handlingskompetanse. Modellen inneheld tre ulike hovudområder som saman bidrar til å styrke barn si allsidige utvikling; sosioemosjonell støtte og rettleiing, organisering og leiing samt læringsstøtte.

Sosioemosjonell støtte og rettleiing:

Sosioemosjell støtte og rettleiing handlar om korleis dei tilsette klare å skapa ein barnehagekvardag som hjelper barn til å utvikla gode relasjonar med andre, oppleve glede ved å lære noko nytt, oppleve tryggleik og tilknytning, og ha ein oppleving av medbestemming og sjølvstende.

Positivt klima: I eit positivt klima smiler og ler dei tilsette saman med barna. Me ser mange bevis på at dei har ein god relasjon til barna, og dei viser entusiasme og interesse både med kroppen og stemma si. Dei tilsette er der barna er, i barns høgde og med kroppen vendt mot dei.

Negativt klima: Det er fråvær , og ikkje noko form av tilsette som straffar, håner, kjeftar og erter barna.

Sensitive vaksne-trygge barn: Å være sensitiv handlar om å være merksam og respondere på det enkelte barns teikn på at dei har behov for støtte. Dei tilsette kjenn barna godt. Dei merke om barna er urolege, redde, umerksame, uinteressert, og dei tilpasse åtferda si for å respondere på det dei ser.

Barns perspektiv og medverknad: Dei tilsette følgjer barns initiativ og idear, viser fleksibilitet og tek i vare barna sitt perspektiv. Dei lar barn uttrykke seg ,og etterspør deira idear, gir barn ansvar og oppmuntring til å klare seg sjølv.

Emosjonskompetanse hos barn og tilsette: Emosjonskompetanse handlar om å identifisera og forstå eigne kjensler, og handtere frustrasjon. Det handlar om å forhindre at stress og uro overvelder evna til å tenkje klart, og ha kontroll over korleis, og når du uttrykker kjensler.

Emosjonsretteiing: I emosjonsretteiing er dei tilsette bevisst barnet sine kjensler, og er tilstade, opprett kontakt med barnet, viser forståing og aksept for barnet sine kjensler. De går inn i kjensla til barnet, og namngir kjensla. Om nødvendig, hjelper og støtter dei barnet i problemløysing.

Organisering og leiing:

Organisering og leiing handlar om korleis tilsette skaper ein barnehagekvardag som hjelper barn å utvikla god sjølvregulering, halde fokus og vise interesse for leik og læringssituasjonar. Dei tilsette etablere og opprettheld rutinar og struktur for å skapa føreseielege rammer og tryggleik, slik at barna kan engasjere seg i meningsfulle og aktivitetar som fremmer god utvikling.

Gruppleiing og rettleiing: Tilsette er proaktive og har klare forventningar til åtferd . Dei gir merksam til ønska åtferd, og gir trygge og føreseielege rammer.

Legge til rette for leik, læring og overgangar: Avdelinga har klare rutinar og dei tilsette sikre gode og flytande overgangar. Barna kjenn til reglar, og barnehagekvardagen er prega av lite venting. Innhald og aktivitetar er godt forberedt.

Variasjon: Det er varierte og interesserte materiale i barna sin høgde. Dei tilsette tar barna sitt perspektiv og legg til rette for barns deltaking i aktivitetar.

Læringsstøtte:

Læringsstøtte handlar om at dei tilsette gir støtte til barns læring. Det teoretiske grunnlaget kjem hovudsakleg frå forskning på kognitiv utvikling og språkutvikling. Der vektlegg ein forskjellen mellom det å berre lære fakta og læring av korleis fakta heng saman, er organisert og avhengig av kvarandre. Barn sin kognitive og språklege utvikling er avhengig av moglegheiter dei får til å nytta eksisterande dugleik, og om dei tilsette støtter utviklinga av stadig meir komplekse ferdigheiter. Læring skjer når barnet er i samspel, er aktiv og opplev mening og engasjement. Rein instruksjon eignar seg ikkje for barn i barnehagealder. Dei har behov for å delta og medverke , og oppleve mening for at læring skal kunne skje.

Omgrepsutvikling, forståing og djupdelæring: Dei tilsette brukar læringsfremjande diskusjonar og aktivitetar saman med barna. Læring handlar ikkje berre om å tileigna seg kunnskap, men også om å nytta denne kunnskapen i nye situasjonar. Dei tilsette legg mest vekt på å auka barnas forståing, enn å berre gjennomføre læringsaktiviteten. Dei tilsette relatere nye omgrep til situasjonar, hendingar eller objekt barna er kjend med. Igjen-kjenning fremjar læring. Dei tilsette etterspør barn sin tenking og problemløysing.

Tilbakemeldingar: Barn treng tilbakemeldingar på eigen læring for å få mest mogleg ut av ein situasjon /aktivitet. Når barna er i leik, og held på med aktivitetar kan dei tilsette gi hint (verbalt eller fysisk), eller stilla spørsmål og komme med innspel for at barna skal helde på lengre med ei oppgåve, og dermed oppnå auka læring og meistring. Målet er tilbakemeldingssirklar, det vil sei gjentakande spørsmål-svar-sekvensar, slik at barnet får ein djupare forståing av det aktuelle temaet.

Språk: I språkstøtte er det viktig med hyppige samtalar saman med barna, og fram –og tilbake utvekslingar mellom barn og tilsette. Dei tilsette snakkar med barna, ikkje til dei. Tilsette stille mange opne spørsmål, der det blir kravd meir enn eitt eller to ord til svar, dei repeterer og vidareutviklar barnas utsegn, set ord på det dei sjølv gjer og det barnet gjer. Tilsette har variert språk, forklarar ord og knytte ord til hendingar /erfaringar her og nå. Tilsette har ein klar intensjon om å fremje barn sitt språk i samtalar mellom barna, og mellom barn og tilsette.

Eigenleing i leik og læring: Dei tilsette støtte barnet i si utvikling innanfor eigenleingshjulet. Funksjonar som planlegging, organisering, arbeidshukommelse, fleksibilitet, sjølvregulering, sjølvmonitorering og igongsetting. Dei tilsette legg til rette for eit variert og rikt leikemiljø, og deltar i barns leik.

Vårt arbeid med Barnet først:

Alle barn i Ølensjøen FUS skal ha ein kvardag prega av omsorg og tryggleik. Ein omsorgsfull relasjon er prega av at dei vaksne er sensitive, har evne til å lytte, innleving og vilje til samspel. God omsorg styrkar barna sine føresetnader for å utvikla tillit til seg sjølv og andre, og til gradvis å ta større ansvar for seg sjølv og andre barn rundt seg. Omsorg handlar om eit positivt samspel mellom personalet og barn, og at det er eit positivt klima mellom barn/barn, barn/personale og mellom personale.

Personalet skal nytte emosjonsrettlegg TIK (Tuning into kids). Tuning in to kids er eit emosjons rettleggingsprogram for omsorgsgjevarar. Hovudfokuset er å styrke det emosjonelle bandet mellom omsorgsgjevar og barnet. Ved bruk av TIK vil personalet møte barnet sitt kjensle-uttrykk med nærleik og forståing og slik kunne støtte både eigen og barnets evne til sjølvregulering.

Danning erstatte det tidlegare «oppdraging» og blir forstått som eit vidare omgrep. Med danning meinast det som skjer i barnet sitt samspel med omgjevnadane. Danning er ein kontinuerleg prosess som føreset refleksjon og som går føre seg heile livet. Gjennom danning blir det overført verdier, normer, demokratiforståing, tankar og uttrykks- og handlingsmåtar. Barna skal møte på eit stimulerande miljø som støttar opp om deira lyst til å leike, utforske, læra og meistre. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar og aktivitetar. Pedagogar skal leggje til rette og planleggje slik at ein til ei kvar tid er innom fagområda i Rammeplanen, samt ha dagleg fokus på læringsstøtte. I læringa skal ein tilføre eventyrlyst, som å skapa magi, undring, leggje ut spor og nytte drama som metode i formidlinga.

Tryggleik er ein føresetnad for læring, samt eit godt vennskap. Personalet skal stille opne spørsmål, som igjen stimulerer til gode kvardagssamtalar. Ein skal respondere på barna sine ulike verbale og nonverbale uttrykk og støtte deira språkutvikling. I forhold til nonverbale uttrykk er dette sær

gjeldande med dei minste barna. Barnehagen skal bidra til at språkleg mangfald blir ei føremon for heile barnehagegruppa, støtte fleirspråklege barn i å bruka sitt morsmål og samstundes aktivt fremja barnet sin norsk kompetanse.

Barn sin medverknad

Barnehagen skal ivareta barnas rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre barna til at dei kan få uttrykke seg for sitt syn på barnehagens daglege verksemd. Alle barn skal få erfare å få innflytelse på det som skjer i barnehagen på måtar som er tilpassa barna sin alder, erfaringar, individuelle føresetnader og behov (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 27).

Medverknad i barnehagen handlar om å gje barna høve til å påverke sin eigen kvardag og barnehagen sitt fellesliv. Me vil oppmuntra dei til aktivt til å gi uttrykk for sine tankar og meiningar, møte dei med anerkjening for deira synspunkt. Å medverke er ikkje det same som å bestemme. Barnet vil etterkvart læra å forstå forskjellen på det å bli høyrte og lytta til og å få vera med å påverka, og det å bestemme sjølv. Å sjå kvar sitt behov og gruppe i sin heilskap er svært viktig i forhold til organisering og planlegging i vår barnehage.

Våre metodar for å sikre barn sin medverknad:

- Vaksne som lyttar, anerkjenner og tar barnas signal på alvor
- Barna får velje kva, kor og kven dei vil leika med
- Tar barna med i planlegging og vurdering av tema, prosjekt og opplegg
- Bruka praksisforteljingar for å belyse det barnet er opptekne av. Møte barnet på deira spontane uttrykk og ytringar i kvardagen.

Samarbeid

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldre og barnehagens personale har eit felles ansvar for barnets trivsel og utvikling (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 29).

Våre metodar for å skape eit godt foreldresamarbeid:

- Kvart år gjennomfører alle FUS barnehagane medarbeidar- og brukarundersøkingar. Brukarundersøkingane, gjennomført av foreldra er eit viktig verktøy for å vidareutvikla tenestene våre. I etterkant av undersøkingane blir resultatet gjennomgått i personalgruppa, avdelingsvis og i plenum. Punkt for betring blir identifisert og drøfta. Foreldra blir involvert i prosessen gjennom SU og i foreldremøte/foreldrerådsmøte. Resultat, endringar og målsetjingar for neste periode blir informert vidare til foreldra. Høg deltaking på undersøkinga er ei føresetnad for å skape eit godt grunnlag for vurderingsarbeidet vårt.

Me ynskjer å ha ein open dialog med foreldre og føresette for å ha ei felles forståing og respekt for barnet sitt behov. Den daglege kontakten ved henting og levering er den viktigaste arenaen for å utveksle informasjon og fortelje om spesielle opplevingar/hendingar i heimen og i barnehagen. Me vi gjerne vera gode rettleiarar dersom foreldra treng innspel og hjelp.

Alle opplever utfordringar i foreldrerolla i større eller mindre grad. I enkelte tilfelle vert ikkje barnet godt nok ivaretatt, omsorga er ikkje tilstrekkeleg på alle områder. Dette er signaler som barnet gir i barnehagen og som personalet har plikt til å gripe tak i. Me ynskjer å vera tydeleg i denne prosessen, formidle konsekvensar det får for barnet. Det er samstundes særskild viktig for oss å møte foreldra med respekt og forståing, vera audmjuke og anerkjennande.

Informasjon til foreldra vert gitt gjennom MyKid:

- Skriv frå avdelingane/administrasjonen
- Dagen i dag
- Årsplan
- SMS
- E-post
- Dagleg kontakt i garderobe

Andre samarbeidsforum:

- Oppstartsamtale etter ca tre veker
- Foreldremøte haust/vår
- Foreldresamtalar haust/vår
- Foreldretilstellingar: haustfest og sommaravslutning

Samarbeid med andre instansar:

- Samarbeidsutvalet (SU)
SU består av to representantar frå dei tilsette og to frå foreldra, samt dagleg leiar. Alle avdelingar vel kvar sin representant, herav sitt to i SU og fire er vararepresentantar. SU si oppgåve er å sjå til at barnehagen vert driven innanfor gitte rammer, og skal vera eit samarbeidsorgan mellom føresette, eigar og personalet. Utvalet bestemmer sjølv kor ofte dei skal møtast (minimum to gonger pr år) og skal blant anna behandle eventuelle innspel frå foreldregruppa.
Foreldrerådet består av foreldre og har som føremål å sikra samarbeid mellom heim og barnehage. Dei skal sjå til at foreldra sine interesser vert ivaretatt.

Andre samarbeidspartnerar:

- Helsestasjon
- Familieteamet
- Barnevern
- Vindafjord kommune
- Nettverksbarnehagar i FUS
- PPT

- Psykisk helse
- Høgskulen Vestlandet (HVL) og Universitetet i Stavanger (UIS)
- Ølen vidaregåande skule (elevar i praksis)
- FUS administrasjon
- Ølen og Vågen skule
- Moowh – HMT bedriftshelseteneste
- Integreringstenesta

Overgangar

Tilvenning i barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få en trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knytte seg til personalet og til andre barn (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33).

Våre metodar for å sikre ein trygg og god tilvenning:

- Foreldremøte i forkant av oppstart i august.
- Set av god tid til tilvenning for alle barn.
- Gir føresette informasjon om barnehagen sine rutinar for oppstart og tilvenning og bakgrunn for rutinane.
- Invitere alle barn og føresette til besøksdagar før oppstart.
- Foreldreaktiv tilvenning, Har tett dialog med føresette i tilvenningsperioden, individuelle behov blir vurdert og ivaretatt.
- Gjennomføre oppstartsamtale kort tid etter oppstart.
- Leggje til rette for ein trygg og god oppstart uansett når barna byrjar og alder.
- Sjå heimesida : [Tilvenning | Ølensjøen FUS barnehage as](#)

Overgangar i barnehagen

Personalet skal sørge for at barn og foreldre får tid og rom til å bli kjent med barna og personalet når de byter barnegruppe (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33).

Våre metodar for å sikra ein god overgang i barnehagen:

- Tek omsyn til vennskap og gruppesamansetjing.
- Opprykksveke i juni : besøker stor avdeling , bli kjent med miljø og vaksne.
- Øve på sjølvstende.
- Sende ut velkomstbrev frå ny avdeling til barna.
- Tilby foreldresamtale.

Overgang mellom barnehage til skule

Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skule leggje til rette for at barna kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule og eventuelt skulefritidsordning. De eldste barna skal få høve til

å glede seg til å begynne på skulen og oppleve at det er en samanheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på en god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på eigne evner (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33).

Våre metodar for å sikre ein god overgang til skulen:

- Arrangere aktivitetar med fadrar før skulestart
- Besøkje skuleområdet, inne og ute
- Bruke bassenget på Ølen skule fast gjennom året
- Arrangere foreldremøte i samarbeid med Ølen skule (februar), informere om overgang, leikbasert læring, besøksdag, første skuledag
- Tilsette frå barnehagen deltek på innskrivingsdag ilag med barn og foreldre

Rutinen for overgangen mellom barnehage og skule er forpliktande for både skule, barnehage og PPT.

Rektor og styrar er ansvarleg for gjennomføringa.

<https://www.vindafjord.kommune.no/f/p14/iacb820fc-5de8-4e08-a33a-fcfe3b6dd769/overgangsprosedyrar-barnehage-og-skule-nov-2019.pdf>

Barnehagen som pedagogisk verksemd.

Lærande organisasjon

Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd, er å gi barna et tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen være en lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal være grunnlagt i barnehagelova og rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 37).

I FUS er me lærande barnehagar. Tilsette er i kontinuerleg utvikling, reflekterer over faglege og etiske problemstillingar, held seg fagleg oppdatert og er gode rollemodellar. Senge (2006) seier: "ein lærande organisasjon er ein organisasjon som kontinuerleg betrar sin evne til å skape si eiga framtid." Me legg vekt på at personalet utviklar sine evner og byggjer sin kapasitet slik at barna møter omsorgsfulle og kompetente tilsette.

Våre metodar for å oppretthalde ein lærande organisasjon:

- Gjennomføre lærande møter
- Kompetanseheving, rettleiing
- Delingskultur
- Struktur, målretta arbeid, bevisst metodeval

- Refleksjon
- Bruk av teoretisk og erfaringsbasert kunnskap
- Tydeleg leiing

Planlegging

Planlegging gir personalet grunnlag for å tenkje og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planlegginga skal bidra til kontinuitet og progresjon for einskildbarn og barnegruppa, og skal være utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda. (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 37).

Våre metodar for planlegging:

- Observasjon
- Dokumentasjon
- Refleksjon
- Systematisk vurdering
- Samtalar m/foreldre og barn
- Bruk av implementeringsplan og Teams som digital plattform

Vurdering

Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen. Vurderingsarbeidet skal byggje på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i. Barnets trivsel og allsidige utvikling skal observerast og vurderast fortløpande, med utgangspunkt i dei individuelle føresetnadene til barnet og kunnskap om barns utvikling og behov. Erfaringane og synspunkta til barnet skal inngå i vurderingsgrunnlaget (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 38).

Våre metodar for vurdering:

Personale, barn og foreldre deltek i vurderingsarbeidet gjennom samtalar, diskusjonar og brukar- og medarbeidarundersøkingar. Saman drøfter me og finn ut kva barnehagen er god på, kva me vil bevare og kva me ønsker å endre og korrigere.

- Arbeidet i CLASS vert fortløpande vurdert på personalmøte ved bruk av eige vurderingsskjema. Årleg observasjon av CLASS observatør.
- Anna vurderingsarbeid/observasjonsverktøy
 - Praksisforteljingar
 - TRAS og ALLE MED
 - SIT språkkartlegging
 - Askeladden språktest
 - Språk 5-6

- Omgrepsforståing
- Barnesamtalar

Dokumentasjon

Dokumentasjon av personalets arbeid synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagens arbeid med å planlegge, vurdere og bidra til å utvikle barnehagen som pedagogisk verksemd (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 39).

Våre metodar for dokumentasjon:

- Me dokumentere arbeidet vårt gjennom observasjonar, bilete og forteljingar som synleggjer vårt pedagogiske arbeid. Dette skapar viktig refleksjonsgrunnlag for drøfting og vurdering av arbeidet vårt i barnehagen. Dokumentasjon gir også viktig informasjon til foreldre og andre.

Ulike måtar å dokumentere på:

- Bilete
- Praksisforteljingar
- Pedagogisk rapport /periodeplan
- MyKid
- Facebook
- Referat

Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som trenger ekstra støtte

Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter behova og føresetnadene til barna, også når nokre barn har behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar. Barnehagen skal sørge for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderenda og likeverdig tilbod. Inkludering i barnehagen handlar og om å leggje til rette for sosial deltaking. Dersom det er grunn til å tru at barnet ikkje får dekt behova sine innanfor det allmennpedagogiske tilbodet, skal barnehagen opplyse foreldra om retten til å krevje ein sakkyndig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 40).

Våre metodar for tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet:

- Å setje inn relevant innsats tidlegast mogleg for barn med me ser treng ekstra støtte.
- Kartlegge barna med ulike observasjonsverktøy.
- Arbeide systematisk, frå undring/bekymring til handling i ein gitt struktur.
- Ivareta foreldra og deira medverknad, innhente godkjenning.
- Samarbeide med helsestasjon, skule, fastlege, PPT, BUP og barnevern.

Vindafjord kommune sin modell for tidleg innsats:

<https://www.vindafjord.kommune.no/f/p14/i65e32943-53bc-4ecf-bd3a-cce6e8d9d24d/bti-modellen.pdf>

Barnehagen sine fagområde.

Barnehagen har 7 ulike fagområde:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Tal, rom og form
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn

*Fagområda gjenspeiler områder som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng , og alle fagområda skal være ein gjennomgåande del av barnehagens innhald. **Barnehagen skal ta utgangspunkt i barna sitt engasjement og bidrag , slik at arbeidet med fagområda kan opplevast som meningsfulle og morosam del av barna sin kvardag.** Barna skal utvikla kunnskap og dugleik innanfor alle fagområda gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar.*

Vår metode for å ivareta rammeplanens hensikt med fagområda :

Kvar avdeling har prosjektplanar knytt til tema-arbeid som avdelingane jobbar med. Desse prosjektplanane vert utfylt jamleg av tilsette. Dette blir gjort for å sikra at alle fagområda vert brukt inn mot det pedagogiske opplegget som blir gjennomført på avdelingane.

[Progresjonsplan .pdf](#)

Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver.* Henta frå <https://www.udir.no>